
Saksnr: 2020/36559-70
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Prosjektet Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet. Disponering av fondsmidlar.

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet ser pilotstudien «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» som eit interessant og innovativt tiltak for å utvikle opplevingsturisme på Vestlandet.
2. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering set av 60.000 kr frå fondsavsetting Verdiskaping på kulturminneområde til utviding av det pågåande pilotstudien «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».

Samandrag

Pilotstudien for «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» er ei vidareføring av forprosjektet «Kraftturisme - opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet». Pilotstudien har behov for forlenging i fasen fram til etablering i eit hovudprosjekt. Saka her gjeld ei tilleggsøyving til pilotstudien for å sikre kontinuitet i arbeidet og føreseielegheit for dei deltakande aktørane.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturelle opplevingar vert stadig viktigare som ein del av ferieopplevinga for turistar til Noreg. Om lag 18% av dei norske turistane som vitjar Vestlandsregionen kan karakteriserast som kulturturistar. Det tilsvarer ca. 1,1 mill. gjestedøger i sommarsesongen.

Dette var noko av bakgrunnen då Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i 2019 starta arbeid med å utvikle eit samarbeidsprosjekt med tittelen: «Kraftturisme - opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».

Hovudutval for Kultur, idrett og regional utvikling/Hordaland fylkeskommune gjorde 20.11.2019 slikt vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prosess for kjøp av konsulenttenester til forprosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet».
2. Det vert stilt til rådvelde 100.000 kr til forprosjektet. Dette er midlar som er budsjettert og medfører såleis ikkje meirkostnader for fylkeskommunen. Totalkostnadene - 150 000 kr (eks. mva.) - vert delt med 50.000 kr frå Rogaland og 100.000 kr frå oss. Til dei tre regionale samlingane vert det i tillegg sett av opp til 10.000 kr av budsjettmidlar for leverandøren til dekking av kostnader til gjennomføringa av samlingane.

Arbeidet med forprosjektet vart starta opp i 2020 og avslutta i juni 2020.

Konklusjonane frå forprosjektet var bl.a. følgjande:

- Vel 20 verksemdar/organisasjonar i Vestlandsregionen svarte at dei er positive til å vere med i et hovudprosjekt. Det kan reknast med at fleire aktørar vil vere med ved invitasjon til eit konkret prosjekt.
- Det er eit stort potensiale for kulturturisme i den norske feriemarknaden.
- Kulturopplevingar må kombinerast med naturopplevingar. Den «reine» kulturturisten er eit mindre segment. Turistar som søker natur- og kulturopplevingar, er eit stort segment med potensiale og difor mest interessant for vidare satsing.
- Om lag 50% av turistane på Vestlandet er rundreiseturistar som vel å stoppe der ein finn det attraktivt. Dei fleste køyrer eigen bil.
- Noreg er også den desidert største markanden for kulturturisme, men det er også stor interesse i nokre utanlandske marknader som Tyskland, Nederland og Storbritannia.
- Ved utvikling av kraftturisme-ruter bør ein i størst mogeleg grad prioritere ruter som inkluderer Nasjonale Turistveger og attraksjonar langs desse strekningane. Rutene bør knytast opp mot allereie eksisterande infrastruktur som naturopplevingar, overnatting, serveringstilbod m.m.

Hausten 2020 vart det søkt om midlar frå Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram. Riksantikvaren gav råd om å avgrense det geografiske området til tre pilotar.

I [PS 118/2020](#) gjorde Hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 16.09.2020 følgjande vedtak:

- «1. Hovudutvalet ser pilotstudien for «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» som eit interessant og innovativt tiltak for å utvikle opplevingsturisme.
2. Under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune går inn med 50.000 kr. og Riksantikvaren gjev tilsegn om 100.000 kr vert det sett av 50.000 kr i sektorbudsjettet frå posten Verdiskaping på kulturminneområde under Ålmenne kulturvernforemål.»

Riksantikvaren gjekk inn med 100.000 kr og Rogaland fylkeskommune gjekk inn med 50.000 kr. Vilkkåra for oppstart av pilotstudien vart med det oppfylt og arbeidet vart starta opp. Kontrakt med leverandør (kjøpt teneste) vart inngått i oktober 2020.

Dei tre pilotområda som vart valt ut var:

- Høyanger (Vestland)
- Tyssedal/Odda (Vestland)
- Lysefjorden/Flørli (Rogaland)

Utdrag frå konsulentrapport:

«I pilotarbeidet har det vore etablert lokale arbeidsgrupper i dei tre utvalde områda. Det har vore jobba godt i alle tre områda og allereie no er det kome fram nye og vidareutvikla produktpakker, aktivitetstilbod og betre tilrettelegging med formidling og framsyning av relevante kraftanlegg og tilhøyrande installasjonar. Når desse vert sett saman med eksisterande reiselivstilbod klarer vi å presentere eit heilskapleg tilbod som så kan løftast inn i relevante distribusjonskanalar og gjerast tilgjengeleg for booking sommaren 2021.

Pilotarbeidet har gitt prosjektet mange nyttige erfaringar som det er ønskeleg å følge opp og vidareføre i eit hovudprosjekt. Vi har også registrert gjentakande spørsmål og ønske frå fleire andre aktørar om å få delta i eit hovudprosjekt. Potensialet i næringen er difor framleis stort og interessa for å involvere seg i prosjektet er også stor.

Eit tiltak i pilotprosjektet har vore å arrangere eit webinar for å belyse og informere om kraftlandskapet og kraftturisme som et satsingsområde. Webinaret vart halde 20. januar i år og samla opp mot 70 deltakarar. Her vart temaet «kraftturisme» belyst frå fleire ulike innfallsvinklar, og webinaret bidrog i stor grad til å opplyse om og skape medvit om moglegheitene i eit slikt prosjekt, både frå kultur- og reiselivssektoren. Arrangørane av webinaret fekk mange positive tilbakemeldingar og oppfordringar om å etablere eit full skala prosjekt for å utvikle og utnytte de moglegheitene som ligg i eit slikt prosjekt for auka lokal verdiskaping både for kultur- og reiselivsnæringa. I webinaret registrerte vi også ein positiv interesse fra eigarsida om deltaking i eit hovudprosjekt.

Vi har medio februar i år rapportert på arbeidet i pilotprosjektet til Riksantikvaren. Motivasjonen synast å vere høg blant alle de tre pilotane. Over tid ser vi at moglege effektar av pilotprosjektet vil vere at det utviklast nye opplevingsprodukt med utgangspunkt i vasskrafta si historie, gjere tilboda tilgjengeleg og nytte desse i næringsssamanheng ved at det opnast og vert tilrettelagt nye attraksjonar i område med lite turisme. Dette vil kunne bidra til å styrke busetnadstilhøyrighet og næringsgrunnlag lokalt.

Videre ser vi allereie no at prosjektet legg grunnlag for lokal verdiskaping med stor overrisslingseffekt til reiselivs- og kulturnæringa. Prosjektet som koplur turisme, kraftutbygging og landskapsopplevingar er det første og einaste i sitt slag i Noreg, vil ha stort nyhendeverde, og samstundes ein positiv overføringsverdi til eventuelle tilsvarande prosjekt i andre delar av landet.

Såkalla «Kraftturisme» har vorte særst populært i fleire land rundt om i Europa. Gjennom organisasjonen «European Routes of Industrial Heritage» er det utvikla ein rekke reiseruter som syner Europas industriarv i ein reiselivssamanheng, men til no er det ingen reiseruter i Norge. Det er omkring 100 ulike reisemål i Europa som deltek i desse reiserutene. I ei vidare satsing i Vestlandsregionen, ser vi for oss å jobbe saman med den europeiske organisasjonen og knyte Noreg til det europeiske kartet for denne typen av turisme.»

Utviding av piloten

Koronasituasjonen har forseinka arbeidet med pilotstudien, og arbeidet er først no ved si avslutting. På bakgrunn av pilotstudien vil det bli oversendt eigen søknad til Riksantikvaren om vidareføring i eit hovudprosjekt. Fylkesdirektøren vil legge fram eiga sak om hovudprosjektet over sommaren.

Som del av pilotstudien er det utvikla opplevingsprodukt som skal marknadsførast gjennom Fjord Norge, Norske Turistvegar og andre kanalar. Denne marknadsføringa vil krevje kontinuitet mellom denne prosjektfasen og fram til eit hovudprosjekt kan verte etablert. Det er også av stor vekt for

alle dei involverte aktørane at prosessane ikkje stoppar opp lokalt i påvente av vidare sakshandsaming.

Fylkesdirektøren har undersøkt mogelegheitene for utviding av avtalen med noverande leverandør frå mai til august. Innkjøpsseksjon har konkludert med at det er i tråd med innkjøpsregelverket og kan gjennomførast ved ei såkalla endringsavtale.

Prisen for utvidinga av avtalen med noverande leverandør i denne perioden, vil verte 100.000 kr eks. mva. Av dette har Rogaland fylkeskommune gjeve tilsegn om 40.000 kr. Dei resterande 60.000 kr. kan verte dekkja av Vestland fylkeskommune gjennom midlar som allereie er avsett på fond til verdiskapingsføremål.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering - Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Støtte til utviding av pilotstudien vert finansiert over sektorbudsjettet på posten Verdiskaping på kulturminneområde under Ålmenne kulturvernføremål.

Klima: Tiltaket er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø

Folkehelse: Tiltaket er med å leggje grunnlag for aktivitetsbasert småskalaturisme som er positivt for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser på vasskrafta sine landskap og opplevingsverdiar som ein stor ressurs i utviklinga av kulturopplevingar i reiselivet Vestland. Prosjektet koplpar landskapsopplevingar, turisme og kraftutbygging på ein måte som er både nyskapande unik i nasjonal samanheng

For å sikre kontinuitet og føreseielegheit i prosjektutviklinga rår fylkesdirektøren til at det vert stilt til rådvelde 60.000 kr av fondsmidlar til ei utviding av pilotprosjektet. Fylkesdirektøren vil leggje fram eiga sak om hovudprosjekt hausten 2021.